



Planstrategi for 2016-2020

Os kommune

Innhold

1	Kva er kommunal planstrategi, og kvifor har vi den?	3
1.1	Føringar og kunnskapsgrunnlag	3
2	Kommunen sitt plansystem	4
3	Os si rolle i regionen.....	5
4	Utviklingstrekk, moglegheiter og utfordringar i Os kommune	5
4.1	Befolkningsutvikling og samansetning; sosial infrastruktur	5
4.2	Folkehelse og oppvekstvilkår	6
4.3	Næringsliv, sysselsetting og kompetanseutvikling.....	7
4.4	Kunst, kultur og fritid	8
4.5	Samferdsle og infrastruktur	8
4.6	Miljø, energi og klima.....	9
4.7	Tettstadutvikling - Osøyro.....	9
4.8	Langsiktig arealbruk	10
4.9	Kommunal organisering	10
5	Vurdering av kommunen sitt planbehov	11

1 Kva er kommunal planstrategi, og kvifor har vi den?

Plan- og bygningslova (pbl.) stiller krav til at alle kommunar skal lage ein kommunal planstrategi minst ein gong i løpet av kvar valperiode. Kravet om kommunal planstrategi erstattar tidlegare krav om rullering av kommuneplanen kvart fjerde år. Ein planstrategi er difor eit verktøy for at kommunane og fylka enklare kan drive behovsstyrt planlegging. Planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å vurdere kva planoppgåver kommunen må prioritere i valperioden.

Det er primært rullering av kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel som skal drøftast i ein planstrategi. Ein revidert samfunnsplan for Os kommune er nyleg vedteken, og arbeidet med rullering av arealdelen til kommuneplanen er allereie i gong. Planstrategien viser utviklingstrekk og utfordringar kommunen må ta stilling til i arbeidet med rullering av kommuneplanen. Behovet for endring av øvrige planar, som kommunedelplanar, tema- og sektorplanar osb. er òg drøfta.

Dette er eit høyringsforslag som vert sendt til nabokommunar og overordna mynde for uttale før endeleg godkjenning i Os kommunestyre i løpet av hausten 2016. Rådmannen si leiargruppe har vore administrativ styringsgruppe. Prosjektansvar og prosjektleiing er lagt til planavdelinga.

1.1 Føringer og kunnskapsgrunnlag

Prioriterte mål, strategiar og planoppgåver er gjort på bakgrunn av overordna nasjonale og regionale føringer, samt eigne grunnlagsdokument. Kunnskapsgrunnlaget er primært basert på folkehelseoversikt for Os kommune, øvrig statistikk frå SSB og statistikkivest.no, samt eigne årsmeldingar.

Dei nasjonale og regionale føringane skal vere retningsgjevande for den kommunale planlegginga, og har soleis betydning for vurderinga av kommunen sitt planbehov. Kvart fjerde år vert det utarbeida eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Gjeldande forventningar vart vedteke i juni 2015 og inneheld følgjande tre hovudpunkt: gode og effektive planprosessar, berekraftig areal- og samfunnsutvikling og attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområder. Hordaland fylkeskommune har sendt ut eit eige brev til kommunane i samband med planstrategiarbeidet. Fylkeskommunen meiner kommunane i sin planlegging har ansvar for ta omsyn til følgjande tema, forankra i gjeldande regionale planar:

Tema	Planar
Klima og energi	Klimaplan for Hordaland (2014-2030)
Folkehelse	Regional plan for folkehelse- fleire gode leveår for alle (2014-2025).
Attraktive senter og senterstruktur	Regional plan for attraktive senter- senterstruktur, tenester og handel (2015-2026)
Areal- og transportplanlegging	Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er venta vedteken i løpet av 2016
Natur og landskap	Definering av funksjonell strandsone er ein hovudstrategi i regional strandsonepolitikk
Kultur og kulturminne	Regional plan for kultur (2015-2025)
Næringsutvikling	Regional næringsplan (2013-2017)

2 Kommunen sitt plansystem

Kommunen lagar planar innanfor alle sektorar, kor nokre er lovpålagte og andre ikkje. Nokre planar følger plan- og bygningslova, mens andre planar er heimla i anna lovverk. Kommuneplanen, med ein samfunnsdel og ein arealdel, er den viktigaste planen kommunen har for styring av samfunnsutviklinga. Os kommune har ein arealdel som vart vedteken i 2012, og ein samfunnsdel som vart vedteken i 2015. Det er i år starta opp arbeid med å rullere kommuneplanen sin arealdel. I tillegg til kommuneplanen har Os kommune kommunedelplanar (tematiske eller for eit konkret areal), tema- og sektorplanar (eks. beredskapsplan), samt større reguleringsplanar. Oversikt over det planarbeidet som skal prioriterast i denne valperioden er lista opp under pkt. 5.



Kommunen sitt plansystem

3 Os si rolle i regionen

Os kommune er blant dei nabokommunane til Bergen som har raskast auke i innbyggartal, og har difor ein sentral rolle når det gjeld å ta del i den veksten som Bergensregionen står overfor. Kommunen må leggje til rette for gode bustadareal, ny/forbetra infrastruktur, handel- og servicefunksjonar, helse- og omsorgstenester, samt auka nærings- og kompetanseutvikling. Tal arbeidsplassar i kommunen har ikkje auka i takt med folkeveksten, og næringsetablering er difor viktig for å redusere utpendling.

I Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av handel (2002) er Os kommune definert som regionsenter for kommunane i Bjørnefjordregionen. Dette er ført vidare i Regional plan for attraktive senter (2015), noko som betyr at Os som tettstad skal tene omlandskommunane med senterfunksjonar og spesialiserte tenester. Os kommune er ein av 213 kommunar som no deltek i Byregionprogrammet, som er eit utviklingsprogram for auka kunnskap om samspelet mellom by og omland. Føremålet er å styrke den regionale vekstkrafta i dei ulike regionane. Næringsutvikling er eit vesentleg tema i denne samanheng, noko som må følgjast opp i kommunens egne planar.

I kommuneproposisjonen 2015 er det varsla ny kommunestruktur. Det er i juni 2016 gjort vedtak lokalt om samanslåing mellom Os og Fusa til ein samla Bjørnefjorden kommune. Nasjonalt vedtak vert gjort innan 1. januar 2018, der ny kommunestruktur vil gjelde frå 1. januar 2020. Planbehovet for kommunen dei neste fire åra vil ikkje verte råka av ein eventuell kommunesamanslåing, då ein innan den tid vil ha starta arbeid med ein ny planstrategi.

4 Utviklingstrekk, moglegheiter og utfordringar i Os kommune

Utfordringar som kommunen står overfor er skissert i kommuneplanen sin samfunnsdel, saman med mål og strategiar for den framtidige planlegginga. Dette dokumentet er utgangspunktet for dei tema som er presentert under dette kapitlet.

4.1 Befolkningsutvikling og samansetning; sosial infrastruktur

Os kommune er ein av dei kommunane i landet med høgast prosentvis vekst, og prognosar syner at befolkningstalet vil verte dobla i løpet av dei neste 30 åra. Veksten skuldast i mindre grad fødselsoverskot, og i størst grad innflyttarar frå andre delar av landet. Innvandrarar utgjorde i 2015 ein auke på 188 personar.

Os er blant dei kommunane i fylket med yngst befolkning. Det er likevel venta stor auke i den eldre befolkninga, i likskap med resten av landet. Dette førar til auka press på kommunen sine helse- og omsorgstenester. Utvidinga av Luranetunet omsorgssenter står klart i 2017, og vil løyse dei utfordringane ein har i dag knytt til å ta i mot utskrivingsklare pasientar.

Fleire av skulane i kommunen har ikkje kapasitet til å ta i mot den auken i elevtal som ein kan vente i åra framover. Samstundes er det behov for oppgradering og ombygging av fleire av skuleanlegga. I eit langsiktig perspektiv vil det vere naudsynt med utviding av klassetrinn på fleire av skulane. Ny skule «aust om elvo» er under planlegging. Barnehagedekninga i kommunen er god, og det er ikkje naudsynt å utvide dagens eksisterande tilbod i eit kortsiktig perspektiv. Det er samstundes planar om å starte arbeid med ein eigen barnehageplan.

Omfang og plassering av framtidige skulebygg, barnehagar, omsorgsbustader, sjukeheim og andre offentlege institusjonar vert diskutert i kommuneplanen sin arealdel.

Utfordringar og planbehov i fireårsperioden:

- Rullering av kommuneplanens arealdel med forankring i vedteken samfunnsplan
- Styre utviklinga til dei områda kor ein har kapasitet i høve til både sosial og teknisk infrastruktur .
- Sikre ei utvikling som støyr opp om Statlege planretningslinjer for samordna bustads-, areal- og transportplanlegging.
- Rullere skulebruksplan.
- Utarbeide barnehageplan.

4.2 Folkehelse og oppvekstvilkår

Det er utarbeida ein eigen oversikt over folkehelsa i Os kommune. Denne syner at folkehelsa her i kommunen på dei aller fleste områda er sidestilt med resten av fylket og landet elles. Det er likevel nokre tal som skil seg ut. Resultat i lesing i 5. klasse er lågare enn både fylket og landet elles, ein tendens som har halde seg over fleire år. Det er sett i gang tiltak for å styrke lesemestring i småskulen, og det er forventa betre resultat på sikt. Trivsel i 10. trinn har lenge vore under landsgjennomsnittet, men er betra dei seinare åra og er no innanfor normalen. Ein ser likevel eit forbettringspotensial. Fråfall i vidaregåande skule er ein utfordring, og i Os kommune er det flest jenter som ikkje fullfør vidaregåande skule. I folkehelseoversikta er det skissert moglege årsakar og tiltak for betring. Å forankre kommunen sine planar i dette dokumentet, er avgjerande for betre å kunne rette innsats og ressursar mot dei faktiske folkehelseutfordringane som finst i Os kommune.

Demografiske tilhøve har stor innverknad på folkehelsa, og med til dømes låg arbeidsplassdekning har ein auka risiko for høg uføregrad i ein kommune¹. Samstundes syner tal at folkevekst kan bidra til låg risiko for høg uføregrad. Folkevekst kan difor sjåast på som ein folkehelsefordel. Å arbeide mot sosial ulikskap i helse er den største folkehelseutfordringa for ein kommune, og difor noko som ein bør rette spesielt fokus mot ved neste rullering av helse- og omsorgsplanen. Ved denne rulleringa må ein òg inkludere temaet vald i nære relasjonar, då Os kommune manglar ein eigen handlingsplan for dette området.

¹ Folkehelsa i Hordaland 2015 (Hordaland fylkeskommune).

Utfordringar og planbehov i fireårsperioden:

- Rullere overordna helse- og omsorgsplan.
- Rullere kvalitetsplan for oppvekst og kultur.
- Arbeide aktivt med tilrettelegging av tur- og friluftsområde.

4.3 Næringsliv, sysselsetting og kompetanseutvikling

Arbeidsplassdekninga i Os kommune er blant dei lågaste i fylket, noko som resulterer i høg utpendling. Fram til 2008 hadde samtlege næringar høg vekst. Sidan har talet på arbeidsplassar i kommunen lege stabilt rundt 4000, med ein svak nedgang på -0,4 % dei siste åra. 30,1 prosent av dei sysselte i Os har høgare utdanning, og det er fleire høgt utdanna som pendlar inn i kommunen enn ut. Utfordringa er å leggje til rette for arbeidsplassar som gjer at dei med høgare utdanning finn det attraktivt å både bu og arbeide i Os.

Sidan oppstart av NHO (næringslivets handelsorganisasjon) sin årlege rangering av landets kommunar i 2009, har Os gått attende på målingane². Dette gjeld særleg indikatorane for næringsliv², arbeidsmarknad og kompetanse. Som eit regionsenter bør Os kommune leggje til rette for større arbeidsplassintensive verksemdar og større spesialiserte kompetanseverksemdar. I Regional næringsplan (2013-2017) vert det føreslått at kommunar med regionsenter bør hjelpast til å kunne utvikle rolla som «vertskapsenter» for dei andre kommunane i regionen.

Lyseparken næringsområde er under planlegging, og vil bidra til auke i talet på arbeidsplassar i kommunen. Ein må samstundes syte for at eksisterande handel i Os ikkje vert råka negativt av dette. Det er naudsynt å arbeide strategisk for å tiltrekke verksemdar som samla kan bidra til nyvinning og styrka økonomisk vekst i kommunen. Å legge til rette for og støtte kreativitet og innovasjon vil vere ein viktig del av det strategiske arbeidet.

Ny områderuleringsplan for Os sentrum er starta opp våren 2016, og er venta vedteken i løpet av to år. Utvikling av Osøyro er eit sentralt grep for auka næringsliv og sysselsetting, og for å styrke Øyro som både kommune- og regionsenter. Areal til næringsverksemd vil òg vere eit særskilt viktig tema i arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Kompetanseutvikling internt i organisasjonen er òg naudsynt for å styrke kommunen i både dei daglege og dei langsiktige utfordringane vi står overfor. For å halde på, utvikle og rekruttere dyktige tilsette i kommunen, ser ein det som naudsynt å rullere gjeldande strategisk kompetanseplan.

Utfordringar og planbehov i fireårsperioden:

- Utarbeide handlingsprogram for næring.

² Kommunane vert vurderte etter følgjande kriterier: næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommuneøkonomi.

- Utføre handelsanalyse for å strukturere næringsverksemda i kommunen.
- Rullere gjeldande strategisk kompetanseplan.

4.4 Kunst, kultur og fritid

I Regional kulturplan for Hordaland er kultur omtala som ei grunnleggande utviklingskraft i samfunnet og ein faktor som fremjar livskvalitet og folkehelse, fellesskap og demokrati. Os kommune har ein sterk og levande kulturell og historisk identitet. Utfordringa er å nytte eksisterande utgangspunkt best mogleg for stimulering av kulturelt mangfald, turisme, identitetsbygging, arbeidsplassar, frivillig arbeid osv. Utarbeiding av ein kulturplan er naudsynt for å definere innsatsområder og for å konkretisere tiltak og verkemidlar. Kommunen bør i denne samanheng definere si rolle som pådrivar for utviklinga av kultur i heile regionen.

Os kommune er rik på historie langt tilbake i tid, og det manglar ei oversikt over kva vi har og kva vi ønskjer å ta vare på. Dette er viktig for å sikre kommunen sin historiske identitet. Gjeldande plan for kulturminne er frå 1992, og det er naudsynt å utarbeide ein ny. Arbeidet med dette er alt starta opp, og det er bestilt utarbeiding av planprogram til ein KDP for kulturminne.

Det finst eit variert fritidstilbod i kommunen, med idrettsanlegg, symjehall, kulturskule og lag og organisasjonar som tilbyr både organiserte og uorganiserte aktivitetar. Det er viktig å stimulere til breidde og mangfald i tilboda. Viktige friluftsområde i kommunen må forvaltast slik at ein unngår nedbygging og fragmentering, samt sørgjer for størst mogleg tilgjenge for flest mogleg. Gode nærmiljø, møteplassar og rekreasjonsområde i nærleik til der folk bur, er eit vesentleg tiltak for ivaretaking av god folkehelse.

Utfordringar og planbehov i fireårsperioden:

- Utarbeide ein samla kulturplan.
- Knytte arbeidet med kulturplanen tett mot arbeidet med kommuneplanen.
- Ferdigstille kommunedelplan for kulturminne.
- Ferdigstille registrering av viktige friluftsområder i kommunen.

4.5 Samferdsle og infrastruktur

Utbygginga av nye bustadområde har vore stor dei seinaste åra, utan at vegnettet samstundes har vore oppgradert i tilstrekkeleg grad. Mange av dei kommunale vegane er ikkje tilstrekkeleg dimensjonert, og manglar også fortau og sykkelveggar som sikrar tilhøva for mjuke trafikantar. Store utfordringar kring infrastruktur krev at kommunen leitar etter kreative og innovative måtar å løyse oppgavene på.

Bygging av ny trase for E39 Svegatjørn-Rådal er igangsett og venta ferdigstilt i 2022. Infrastruktur er styrande for kor ein kan vente ny busetnad og næringsetableringar, og det er venta at den nye vegen vil få stor betydning for kommunen sin framtidige arealdisponering.

Anna teknisk infrastruktur vert òg belasta som følge av utbyggingspresset i kommunen. Det er no starta arbeid med bygging av nytt hovudavløpsreinseanlegg i Liafjellet for å kunne handtere den auka veksten. Presset er samstundes prekært nokre stader i kommunen, der dei lokale anlegga ikkje kan tole auka belastning.

Utfordringar og planbehov i fireårsperioden:

Arbeide aktivt med utbyggingsavtalar (og andre modellar/framgangsmåtar) for å sikre at privat kapital kan bidra i arbeidet med utbetring av kommunal infrastruktur. Sikre ei organisering og rom for parallelle prosessar mellom einingane som syter for god samordning i høve til løysing av felles problemstillingar.

Syter for at bustad- og næringsutbygging skjer i dei områda der infrastrukturen er tilrettelagt. Arealplanen er avgjerande i denne samanheng.

Utarbeide sykkelstrategi. Arbeid med dette er allereie igangsett gjennom Byregionprogrammet der Os kommune deltek.

4.6 Miljø, energi og klima

Både overordna Klimaplan for Hordaland (2014-2030) og Klima- og energiplan for Os kommune (vedtatt 2012) skal leggst til grunn for all planlegging i kommunen. For å nå målsettingar om reduserte utslepp må ein planlegge heilskapleg og langsiktig. Mykje av utfordringane me har i Os kommune er dei same som gjeld for resten av landet- å syte for klimaeffektiv transport i og til kommunen, planlegge og bygge miljøvennleg for å redusere klimagassutslepp, samt unngå å bygge i flom- og rasutsette område. Ein har ikkje oversikt over kor sårbar kommunen er i høve til klimaendringar og naturfarar, og ein har ikkje oversikt over kva som er dei største utfordringane når det gjeld miljø, energi og klima akkurat her hjå oss. Eit heilskapleg miljø- og klimaarbeid er naudsynt for å møte utfordringane og tiltaka i både nasjonale, regionale og lokale planar.

Fylkesmannen har ved tilsyn med Os kommune sitt beredskapsarbeid konkludert med at beredskapsplanen ikkje tek utgangspunkt i ein heilskapleg ROS-analyse og vidare at planen ikkje er heimla i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Arbeid med overordna ROS-analyse er igangsett, og ein reknar med at denne vil vere ferdigstilt innan 2016. Beredskapsplan og varslingsplan vert rullert årleg.

Utfordringar og planbehov i fireårsperioden:

- Rullere klima- og energiplan frå 2012
- Ferdigstille arbeid med overordna ROS-analyse for Os kommune. Arbeid er igangsett.

4.7 Tettstadutvikling - Osøyro

Spreidd bustad- og næringsetablering i kommunen gjer at Osøyro i dag ikkje fungerer som det kommune- og regionsenteret ein ønskjer seg. Osøyro har svært gunstige føresetnader for å skape eit levande sentrum til glede for innbyggjarar og besøkande- elv og fjord, historiske element, varierende arkitektur, korte avstandar og allereie eksisterande bystruktur med gater og torg.

Utfordringane for å få til ønska utvikling er fleire og samansette. Sjølv om det er iverksett fleire enkelttiltak for å gi Osøyro eit løft, manglar ein planar og strategiar for å sikre ein heilskapleg og samanhengande utvikling av Os sentrum.

Utfordringar og planbehov i fireårsperioden:

- Utarbeide og vedta områdereguleringsplan for Os sentrum innan 2018. Planprogram vert politisk handsama haust 2016. I tillegg til å vere eit rammeverktøy for den fysiske bygginga er arbeidet med sentrumsplanen ein viktig arena for å skape engasjement og eigarskap til utviklinga på Øyro.
- Legge til rette for og støtte midlertidige/temporære tiltak som strategi i utviklinga av Osøyro, medan ein venter på vedtak av ny sentrumsplan.
- Legge til rette for innovasjon og kreativitet. Dette krev samhandling og organisering, engasjement og entusiasme. Tiltak vil verte konkretisert i handlingsprogram for næring.

4.8 Langsiktig arealbruk

Mykje av føresetnadene for den langsiktige arealbruken i kommunen er fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel. Det er i år starta opp arbeid med rullering av arealdelen, kor målsettingane i samfunnsdelen må konkretiserast ved arealdisponering, i føresegner og i retningslinjer. Prioriterte tema i arbeid med arealplanen er (frå kommuneplanen sin samfunnsdel):

- Areal til offentlege føremål (skular, barnehagar, omsorgssenter, bustadar og liknande)
- Areal til utviding av eksisterande vegar, nye vegar og gang- og sykkelvegar
- Nye næringsareal/næringsareal til sjø
- Få samsvar mellom utbyggingsareal til sjø og sjøområda utanfor
- Definere areal som er viktig å sikre for nærfriluftsliv og grøne/blå korridorar
- Rette/endre enkeltpunkt i tekstdelen
- Areal til nye bustadområde innanfor sentrale utviklingsområde for Os kommune

Ein erfarer òg behov for fleire overordna områdereguleringsplanar for å sikre ein heilskapleg og samanhengande planlegging. Dette for å sikre opparbeiding av infrastruktur, forbindelser i og mellom bebyggelsen, differensierte bustadområder osv..

Utfordringar og planbehov i fireårsperioden:

- Kartlegge funksjonell strandsone.
- Syte for ein effektiv, og god prosess i arbeid med arealplanen der ein gjer rette prioriteringar med forankring i vedteken samfunnsplan.

4.9 Kommunal organisering

Folkeauka i Os kommune fører til fleire og større oppgåver for den kommunale administrasjonen. Utfordringa er å sikre ei organisering og ressursbruk som er rusta for dei utfordringane som den raske auka i innbyggjartal



førar med seg. Dette krev evne til å tenke nytt, tverrfagleg og tverrsektorielt, samt vilje og evne til utvikling. Arbeid med kommunesamanslåing vil òg krevje store ressursar og evne til omstilling i heile organisasjonen.

5 Vurdering av kommunen sitt planbehov

Planbehovet er først og fremst vurdert ut frå føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Samfunnsplanen er utforma med utgangspunkt i overordna føringar og retningslinjer og retta mot heilt konkrete samfunnsutfordringar som kommunen står overfor i eit langsiktig perspektiv. Gjennom planstrategien skal ein prioritere kva av desse utfordringane som kan og må løysast i eit kortsiktig perspektiv.

Det er fleire planar som er under rullering, og som er venta ferdigstilt innan denne valperioden. Fleire av desse vart påbegynt i førre periode, men har stoppa opp grunna manglande ressursar. Nokre av kommunen sine planar er ikkje lengre i bruk, eller planlagt fasa ut i løpet av perioden. Det er behov for nokre nye planar som ein ikkje har hatt i kommunen før, og utfordringa er å prioritere ressursbruk i høve til arbeid med desse i tillegg til ferdigstilling av dei som allereie er igangsett. Det er gjort vedtak om auka ressursar, med blant anna ny næringssejef og to nye stillingar på planavdelinga. Dette er positive tiltak for framdrift av eige planarbeid.

Gjeldande planar	Vedtaksår	Ny	Revisjon	Ansvar	Merknad
Økonomiplan med handlingsdel	-				Vert rullert kvart år etter reglane i kommunelova.
Kommuneplanens samfunnsdel (2015-2027)	2015			Samfunnsutvikling	Vert ført vidare utan endringar
Kommunedelplan Bjånes	2012			Samfunnsutvikling	Ikkje trong for revisjon
Kommunedelplan Os sentrum	2008			Samfunnsutvikling	Vert ført vidare. Ny områderegulering for OS sentrum er igangsett. Denne vil sette ytterlegare ramar for utviklinga av Osøyo.
Områderegulering Ervikane	2013			Samfunnsutvikling	Ikkje trong for revisjon
Områderegulering Moldegård	2015			Samfunnsutvikling	Offentleg-privat plan. Ikkje trong for revisjon
Områderegulering Landboden	2015			Samfunnsutvikling	Ikkje trong for revisjon
Trafikksikringsplan	2014		x	Samfunnsutvikling (veg og samferdsle)	Skal rullerast innan 2018
Klima- og energiplan	2012		x	Samfunnsutvikling	Oppstart rullering 2017
Handlingsplan for landbruk	2012		x	Landbruk	Oppstart rullering 2018
Kjerneområde landbruk	2010		x	Landbruk	Vert slått saman med Handlingsplan for landbruk ved rullering av denne.

Oversiktsplan for skogbruket	1999			Landbruk	Vert ført vidare
SMIL (spes. miljøtiltak i landbruket)				Landbruk	Vert justert årleg
Forvaltning av hjortevilt i Fusa, Os og Samnanger	2010			Landbruk	Vert ført vidare
Landbruksplan	2012		x	Landbruk	Vert slått saman med Handlingsplan for landbruk ved rullering av denne.
Kvalitetsplan, oppvekst og kultur	2011		x	Oppvekst og kultur	Oppstart rullering 2016
Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2013-2020)	2013			Oppvekst og kultur	Ikkje trong for rullering. Det vil likevel verte diskutert om denne planen skal vere ein del av overordna kulturplan som ein vil starte arbeid med i 2016/17.
Skulebruksplan	2010		x	Oppvekst og kultur	Oppstart rullering 2016
Kulturplan for skulane	2010			Oppvekst og kultur	Utgår
Kvalitetssikringsplan for læring og sosial utvikling i barnehagane				Oppvekst og kultur	Utgår
Kvalitetssikringsplan for kartlegging av lese- og skriveferdigheter				Oppvekst og kultur	Utgår
Overgangsplan for barnehagar og skular	2015			Oppvekst og kultur	Vert ført vidare
Plan for digital kompetanse i skulen	2007			Oppvekst og kultur	Vert ført vidare
Målbruksplan	1998			Oppvekst og kultur	Vert ført vidare
Helse- og omsorgsplan	2012		x	Helse, omsorg og beredskap	Oppstart rullering 2018
Busetjing av flyktningar i Os kommune (2016-2019)	2015		x	Helse, omsorg og beredskap	Vert ført vidare, erstattar integrerings- og inkluderingsplan
Integrerings- og inkluderingsplan	2011		x	Helse, omsorg og beredskap	Ikkje lengre operativ i si noverande form, men vil verte inkludert i overordna helse- og omsorgsplan ved rullering av denne
Bustadsosial handlingsplan (2007-2014)	2011		x	Helse, omsorg og beredskap	Vert slått saman med helse- og omsorgsplan ved rullering av denne.
Plan for psykisk helsearbeid (2013-2020)	2013		x	Helse, omsorg og beredskap	Vert slått saman med helse- og omsorgsplan ved rullering av denne.
Ruspolitisk handlingsplan	2013		x	Helse omsorg og beredskap	Vert slått saman med helse- og omsorgsplan når denne vert rullert.
Beredskapsplan	-			Helse, omsorg og beredskap	Vert rullert kvart år
Varslingsplan	-			Helse, omsorg og beredskap	Vert rullert kvart år

Områderegulering Os sentrum vest	2015			Prosjektavdelinga	Ikkje trong for revisjon
Områderegulering Hatvikvegen	2015			Prosjektavdelinga	Ikkje trong for revisjon
Plan for rehabilitering VA (eksisterande anlegg)	-			Prosjektavdelinga	Vert arbeida med dagleg og justert ved behov. Ikkje trong for rullering.

Planar under arbeid	Venta vedteken	Ny	Revisjon	Ansvar	Merknad
Kommuneplanens arealdel	2020		x	Samfunnsutvikling	Starta opp, planprogram fastsett.
Detaljregulering Torkjeldsvegen		x		Samfunnsutvikling	Under arbeid
Områderegulering Os sentrum	2018	x		Samfunnsutvikling	Starta opp, planprogram venta vedteken haust 2016
Strategiplan for massehandtering	2017	x		Plan, byggesak og landbruksavdelinga	Arbeid med denne planen starta opp i 2014, men er ikkje fulgt opp grunna manglande ressursar. Bør ferdigstillast innan 2017.
Forvaltning av grågås	2017	x		Landbruksavdelinga	Starta opp, venta vedteken innan vår 2017
Kommunedelplan for avløp (2016-2027)	2016/17		x	Prosjektavdelinga	Starta opp, planprogram vedteken
Kommunedelplan for vassforsyning (2016-2027)	2016/17		x	Prosjektavdelinga	Starta opp, planprogram vedteken
Områderegulering Mobergslia		x		Prosjektavdelinga	Under arbeid
Kommunedelplan kulturminner		x		Oppvekst og kultur	Starta opp, planprogram er under arbeid
Brannokumentasjon for Os kommune	-			Helse, omsorg og beredskap	Under rullering
Overordna ROS-analyse for Os kommune	2016		x	Helse, omsorg og beredskap	Under arbeid
Strategisk kompetanseplan	2017		x	Personalavdelinga	Under arbeid, venta vedteken vår 2017.

Nye planar	Planlagt oppstart	Ny	Revisjon	Ansvar	Merknad
Temaplan for mindre avløpsanlegg	2016	x		Samfunnsutvikling (vatn og avlaup)	Planen vil supplere kommunedelplan for avløp.
Handlingsprogram for næring	2016/17	x		Næringssjef	Planen vil supplere interkommunal næringsarealplan for Os, Fusa og Samnanger
Barnehageplan	2016	x		Oppvekst og kultur	

Kulturplan	2016/17	x		Oppvekst og kultur	Ny overordna plan for å definere innsatsområder og konkretisere tiltak for kulturområdet i kommunen. Planen skal femne om eit utvida kulturbegrep.
Bustadplan for mottak av flyktningar	2016/17	x		Helse, omsorg og beredskap/ Prosjektavdelinga	Vedtak frå sak om busetjing av flyktningar der administrasjonen er bedt om å utarbeide ein strategi for busetnad av flyktningar (kapasitet i eigen bustadmasse, privat leigemarknad, nye prosjekt osv.)

Interkommunale planar	Vedtaksår	Ny	Revisjon	Ansvar	Merknad
Interkommunal næringsarealplan Os, Fusa og Samnanger	2015			Samfunns- utvikling	Vert ført vidare
Lokale mål og strategi for forvaltning av hjortevilt i Fusa, Os og Samnanger (2010-2020)	2010			Landbruks- avdelinga	Vert ført vidare
Strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2016)	2015			Buisness Region Bergen	Utgår
Fylkesgeodataplan (2016-2019)	2016			Noreg digitalt	

Utredningar og kartleggingar	Ny				
Kartlegging av funksjonell strandsone		x		Samfunnsutvikling	Det er behov for å kartlegge den funksjonelle strandsona for å sikre ein forsvarleg forvaltning av desse areala. Arbeidet er rekna påbegynt hausten 2016.
Barnetråkkregistrering		x		Samfunnsutvikling	Hordaland fylkeskommune har gitt midlar til arbeid med registrering av born og unge sine bevegelsesmønstre i kommunen. Dette for å sikre at ein ikkje byggjer ned viktige tur- og snarveggar, og for å gjere dei meir tilgjengeleg eller trygg. Grunna manglande ressursar er arbeidet ikkje påbegynt. Bør gjerast i løpet av 2017.
Kartlegging av Oselvo		x		Samfunnsutvikling	Arbeid igangsett. Det er gjeve tilskudd frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljødirektoratet og NVE.
Kartlegging og verdisetjing av friluftsområde		x		Samfunnsutvikling	Arbeidet er igangsett. Det er løyva mindlar frå Hordaland fylkeskommune.